Rettleiing for bruk av Tusti og grafisk profil for barn og unge i FolkOrg

Formål

Den grafiske profilen for barn og unge i FolkOrg er utvikla for å:

- skape attkjenning og tilhøyrigheit
- gi aktivitetar for barn og unge eit leikent og levande uttrykk
- styrkje synlegheita til lokallag og arrangement
- byggje ein felles identitet på tvers av organisasjonen

Profilen skal vere fleksibel og enkel å bruke, samstundes som han skal vere tydeleg og gjenkjenneleg.

Denne rettleiinga er first og fremst til bruk for deg som har litt erfaring med arbeid knytt til grafiske uttrykk. Vi anbefalar bruk av gratisprogrammet Canva (www.canva.com).

Dersom du har lite erfaring med grafiske uttrykk og bruk av ein slik grafisk profil, så ta gjerne kontakt med oss i FolkOrg, så kan vi truleg hjelpe deg litt på veg.

Kven kan bruke profilen?

Profilen kan brukast av:

- lokallag i FolkOrg
- arrangørar av aktivitetar for barn og unge
- prosjekt og tiltak i regi av FolkOrg
- samarbeidstiltak der FolkOrg er medarrangør

Profilen skal ikkje brukast:

- i kommersiell samanheng utan avtale med FolkOrg
- på politiske kampanjar eller standpunkt
- på innhald som kan verke diskriminerande, krenkjande eller ekskluderande

Det er alltid ein fin tommelfingerregel å ta kontakt med FolkOrg ved/før bruk av profilen.

Dette inneheld profilen

Profilpakken inneheld mellom anna:

- Logoar
- Fargepalett

- Typografi
- dekorative element
- illustrasjonar
- maskoten Tusti
- malar for sosiale medium og trykksaker

Slik brukar du profilen

Logo

Bruk alltid originale logofiler frå FolkOrg.

Logoane finst i fleire variantar:

- Ståande
- Horisontale
- positive og negative variantar
- med og utan omriss

Hugs:

Sørg for god kontrast mellom logo og bakgrunn

- Gi logoen luft rundt seg
- Bruk høg nok oppløysing
- Hald riktige proporsjonar

Fargar

Profilen er basert på ein lys og leiken fargepalett.

Lokallag og arrangement kan:

- velje eigne kombinasjonar frå palette
- bruke ulike hovudfargar frå år til år
- tilpasse fargar til ulike arrangement

Hugs:

- Prioriter lesbarheit!
- Bruk mørkare fargar til tekst
- Unngå for mange sterke kontrastar samtidig

Typografi

Tuppence er hovudfont for titlar og korte tekstar. Poppins kan brukast til lengre tekst og informasjon. Om du ikkje har Tuppence-fonten tilgjengeleg, så ta kontakt med FolkOrg, så kan du få ei skrift-pakke frå oss.

Dette er Tuppence.

Hugs:

- Ikkje bruk for liten tekst
- Prioriter lesbarheit framfor dekor
- Ver varsam med alternative teikn og spesialteikn

Tusti

Tusti er maskoten til FolkOrg sitt arbeid for barn og unge.

Tusti kan brukast i sosiale medium, på plakatar og trykksaker.

Dette bør du unngå

Logo og grafiske element

Ikkje:

- strekk eller deformér logoen
- endre fonten i logoen
- legg til eigne effektar
- bruk logo med for dårleg contrast
- plasser tekst eller element oppå logoen

Typografi

Ikkje:

- overbruk dekorative teikn
- bruk for mange fontar samtidig
- bruk uleselege kombinasjonar

Fargar

Ikkje:

- bruk for mange sterke fargar samtidig
- bruk kombinasjonar med låg contrast
- lag heilt nye uttrykk som bryt med profilen

Tusti

Tusti skal ikkje:

- brukast i samanhengar som kan verke skremmande eller ekskluderande
- endrast slik at uttrykket blir utydeleg eller ikkje til å kjenne igjen
- brukast som symbol for politiske eller kommersielle bodskap

Trykksaker og profileringsmateriell

Når det gjeld trykksaker utanom enkle plakatar og evt flyers som laga/arrangøren lager, så ynskjer vi at FolkOrg sentralt skal vere involvert Dersom det er prat om andre trykksaker så ta kontakt med FolkOrg.

Bruk av kunstig intelligens (KI)

KI-genererte variantar av Tusti eller andre element bør brukast varsamt, og vi oppmodar om at dette ikkje vert gjort. Ynskjer du spesifikke variantar av logoar og/eller Tusti, så ta kontakt med FolkOrg om dette.

Oppsummert

FolkOrg blir veldig glad om lokallaga tek i bruk maskot og logoar.

Ta kontakt med FolkOrg dersom:

- du treng logofiler eller malar
- du er usikker på bruk av profilen
- du ønskjer å lage eigne variantar
- du vil utvikle materiell for barn og unge

Kontaktadresse: livannette@folkorg.no

Målet er at profilen skal vere enkel å bruke - og samtidig bidra til at barn og unge kjenner att FolkOrg og våre lokallags aktivitetar uansett kvar i landet dei møter folkemusikk og folkedans.